

Ytre Hardangerfjord

Kandidatområdet ligg ytst i Hardangerfjorden og er om lag 83 km² stort. Området inkluderer kommunane Tysnes, Stord, og Kvinnherad i Hordaland fylke. Avgrensinga i dag er frå Ånuglo i Tysnes og tvers over fjorden til Husnes. I sør og vest går området over moreneterskelen frå Huglo til øya Hille utanfor Halsnøy.

Avgrensing

Sjølve forslaget til planområde er vist på vedlagt kart. Avgrensinga inn mot kysten varierer avhengig av om kystlinja allereie er verna eller ikkje. Der det er eksisterande verneområde som går ut i eller ned til sjøen, føreslår vi å trekke grensa til tidevassona for å forsikre full dekning utan overlapp av vernegrensa. Der det finnes sjøfuglreservat går vernegrensa 50 m ut over sjø. Vi føreslår ei avgrensing for marint vern mot denne for å hindre overlapp av gjeldande forskrifter. Det vil heller ikkje tre i kraft nokon ekstra reguleringar i desse områda, ut over dei som allereie finst. Elles føreslår vi at grensa i hovudsak blir trekt utanfor privat grunn som vil vere marbakken på 2 meters djup.

Geografi og naturtilhøve

Terskelen til Hardangerfjorden er ein stor morene som strekk seg frå sørspissen av Huglo og til øya Hille vest av Halsnøy. Over ein slik terskel er det sterk straum som gjer gode næringstilhøve og eit rikt og mangfaldig dyreliv. Her er det blant anna førekomstar av korallar og svampar i skråninga ned mot Langenuen og i skråningane vest og sør for Hille.

Moreneryggen er ein israndavsetnad frå siste istid og han er stor i nasjonal målestokk.

Ved Huglhammaren vart det i 2016 påvist eit større veggrev med minimum 13 ulike korallartar. Dette kaldvasskorallrevet er tilsynelatande i god økologisk tilstand, og vert rekna som eitt av dei aller viktigaste i sitt slag i landet.

Inne i Husnesfjorden er fjorden meir enn 500 meter djup og har store førekomstar av fjørstjerna lofotsjølilje *Rhizocrinus lofotensis*, ein djupvassart som veks på blaut botn. I tillegg finn vi den sjeldne hornkorallen *Isidella lofotensis* på botnen her. Begge desse artane er meir vanlege i arktiske havområde.

Området husar brislingbestanden i Hardangerfjorden i delar av året. Det er registrert eit regionalt viktig gytefelt for torsk mellom Flornes og Skorpo. I tillegg er det lista opp tre viktige oppvekst- og beiteområde for kysttorsk, eitt rundt Ånuglo og Seløy, eitt aust av Huglo og eitt sør for Halsnøy kloster.

Aktuell verneform etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova inneheld heimlar for å kunne verne natur etter fleire kategoriar.

§ 39 (marine verneområder) er ein eigen vernekategori for vern som berre omfattar sjøområde. Marine verneområde kan opprettast for å beskytte marine verneverdiar, også naturverdiar som landlevande artar er avhengige av. Eit breitt spekter av verneføremål er nemnt i § 39. Verneføremålet kan omfatta verdiar knytte til sjøbotnen, vassøyla, overflata eller ein kombinasjon av desse. I marine verneområde er det særleg viktig å unngå inngrep

som kan påverke sjøbotn, vassutskifting og straumtilhøve i nemneverdig grad, sidan desse er avgjerande for kva artar og naturtypar vi finn i områda.

Verneverdiar og verneføremål

Føremålet med å verne marine miljø er å ta vare på marine naturverdiar og økosystem. Meininga er at kandidatområda skal dekke variasjonsbreidda i norsk marin natur. Representative, særeigne, sårbare og trua marine naturverdiar i norske kyst- og havområder skal sikrast. Dette inkluderer botnen og botnlevande organismar, men også organismar i vassmassane der dei inngår i verneverdiane.

I ytre Hardangerfjorden er det særleg gradienten frå den artsrike og spesielle moreneryggen i grus og ned til blautbotnen på stort djup i Husnesfjorden som gir området svært høg verneverdi. Moreneryggen er ein spesiell geologisk førekommst med nasjonal verneverdi. Innafor området finn vi sjeldne fleire artar og naturtypar. Hardangerfjorden har også stor verdi i forskingssamanheng kor marin fauna blir breitt undersøkt.

Kulturminne

Det er registrert fleire kulturminne i strandsona rundt kandidatområdet. Desse er tilgjengelege på www.kulturminnesok.no.

Verneforslaget og brukarinteresser

Fiskeri

Hardangerfjorden blir nytta både til næringsfiske og fritidsfiske. Tradisjonelt fritidsfiske og fisketurisme er utbreidd i heile kandidatområdet. Fisket føregår heile året, med reiskap som garn, line og ruser.

Hardangerfjorden har rike tradisjonar for brislingfiske. I gode sesongar deltek nesten heile den norske brislingflåten i fisket. Sesongen er frå midten av august til midten av november. Fisket føregår med kystnot og fisken blir sett i lås. Lås er ei fortøyd merd der villfanga fisk blir oppbevart for å bli åtefri før ein tek dei opp. Dei seinare åra har bestanden av brisling i Hardangerfjorden vore urovekkande låg, og det har nesten ikkje vore hausta brisling her.

Det er også fiske etter breiflabb med botngarn gjennom heile året. I ytre delar av Hardangerfjorden blir det også fiska etter botnfisk med tradisjonelle reiskap som garn, line og ruse. Dette fisket skjer heile året og med eit stort bidrag frå fritidsfiskarar. I heile kandidatområdet er det fiskeplassar etter lyr og sei.

Leppefisk blir i aukande grad brukt i oppdrettsnæringa og dette har auka fisket etter desse artane. Fisken blir brukt i merdane til å beite på lakselus på oppdrettslaks. Fangst av leppefisk er mest vanleg i sommarhalvåret.

Akvakultur

Innanfor kandidatområdet er det i dag tre godkjente lokalitetar for matfiskproduksjon. Lokalitetane blir brukte til lakseoppdrett. Det er tillate ein produksjonskapasitet på om lag 10100 tonn til saman. Det er ikkje godkjent nye matfisklokalitetar gjennom dei siste åra og utviklingspotensialet for næringa ligg stort sett i vidareutvikling av allereie godkjente anlegg. I tillegg er det eitt område sør for Halsnøy der det er gitt konsesjon til havbeite for kamskjel.

Friluftsliv og forsking

Ytre Hardangerfjorden er eit populært rekreasjonsområde. Det er spreidd busetnad og jordbruksverksemder rundt kandidatområdet. Her er det mykje trafikk frå fritidsbåtar og cruisebåtar bringer mange turistar inn i området. Det har vore ein del marin forsking i Hardangerfjorden. Det er særleg naturen og geologien knytta til fjorden og moreneterskelen som er godt undersøkt.

Skipstrafikk og farleier


Hardangerfjorden er ein viktig hovudled med mykje cruisetrafikk og lastetransport til industristadene i Hardanger. I kandidatområdet er det ikkje registrert fiskerihamner eller ankringsområde.

Planstatus

Eksisterande vern etter naturmangfaldlova

Det er fire sjøfuglreservat innanfor det føreslårte kandidatområdet. Alle desse blei verna som ein del av verneplan for sjøfugl i 1987 for å ta vare på viktige hekkeområde for sjøfugl. Områda omfattar eit landareal og ei ferdsselsforbodssone (31.april-15 juli) ut i sjø, for å hindre at fuglane blir forstyrra på hekkeplassen.

- Bleikjo, 2 daa land, 17 daa sjø
- Kråko, 69 daa land, 69 daa sjø
- Hillekalven og Pasholmen, 15,5 daa land, 118 daa sjø
- Prestnesholmen, 1 daa land, 13 daa sjø



Figur 1: Oversiktsbilete over dei allereie eksisterande verneområda innafor det føreslårte kandidatområdet for marint vern, og i nærleiken av dette. Sørvest i kartet ser vi området Hystad naturreservat som grensar til den eine av to dvergålegraslocalitetar på Stord.

Det er i tillegg to andre verneområde som grensar ned til sjøen i kandidatområdet. Brandvik landskapsvernområde er eit skogområde med mykje barlind og kristtorn og ein rik og variert flora. Ånuglo, Midtøy, Seløy og Flornes naturreservat er eit 4113 dekar stort barskogsområde som blei verna i desember 2014, på tidlegare statsskogeigedom. Miljødirektoratet er i dag grunneigar her.

Kommuneplanar

Tysnes

Kandidatområdet er handsama i kommuneplan for Tysnes (2003-2015). Områda ligg her med arealkategori fleirbruksområde for akvakultur, ferdsel, fiske, natur og friluftsliv og natur- og friluftsområde i sjø.

Stord

Gjeldande område er handsama i kommunedelplan for Huglo frå 2010. Størstedelen av området er sett av til fiske-, ferdsel-, natur- og friluftsområde. Det er eitt noverande område avsett til akvakultur nord for Tveitaøyane og nokre mindre område sett av til fiske.

Kvinnherad kommunedelplan

Einaste kommunedelplan som synast å vere aktuell er Ranavik – Eidsmarka. Dette gjeld mellom anna område avsett til fiske og fleirbruk, samt akvakultur. Kommuneplan for Kvinnherad har nett vore til høyring (februar 2017). Det er her mellom anna gjort framlegg om eitt område for akvakultur i kandidatområdet for marint vern.

Regional plan

Hordaland fylkeskommune er for tida i sluttfasen av arbeidet med regional plan for kystsona i Sunnhordland. I dette planarbeidet er det samla og samanstilt eit stort kunnskapsgrunnlag som òg vil ha relevans for den marine verneplanen.

I den regionale planen sitt plankart er høyningsområdet for marint vern førebels ikkje vist. Det er likevel omtala og vist i temakart. Vidare er det utforma forslag til retningsliner som skal medverka til å sikre ein berekraftig bruk i det framtidige verneområdet.

Moglege verknader av vernet

Restriksjonsnivå for ulike aktivitetar kjem til å bli utreda nærare i høyningsprosessen. Det blir ikkje lagt opp til restriksjonar på fritidsfiske. Det er heller ikkje tenkt restriksjonar på ferdsel, bruk av ankringsplassar og Kystverkets arbeid i fiskerihamner.

Fiske med passive reiskap (snøre, teine, ruse, garn, line) vil vanlegvis ikkje ha negative konsekvensar for verneverdiane, og kan såleis halde fram. Om det er særleg sårbare delar av området kor det er førekomstar av til dømes korallar som kan ta skade av fiske med garn, kan ein ha strengare restriksjonar der. Fiske etter pelagiske artar med not og trål i dei frie vassmassane vil også ha liten effekt på verneverdiane. Nye fiskeri med ny reiskap som kan påverke botn bør ikkje tillatast. Det er i dag ikkje trålfiske etter botnfisk i kandidatområdet og det er heller ikkje fiske med snurrevad.

Inngrep på botnen bør ein unngå. Dette gjeld uttak av massar, til dømes skjelsand, sand og grus. Deponering av massar bør ein også unngå. Om det blir tilført massar til sjøbotnen kan dette føre til nedslamming av botn og botnfauna over eit større område i fjordbassenget. Vi føreslår at taretråling blir forbode innanfor heile kandidatområdet. Dette vil ikkje ha store konsekvensar for næringa sidan det ikkje er eigna område for å tråle etter tare i kandidatområdet. Tekniske inngrep, som oppføring av nye kaianlegg og småbåthamner bør ein vere forsiktige med. Påverknaden av inngrepet kjem an på storleiken av anlegga og kor dei skal ligge. Røyrleidningar og kablar i sjø bør ein vere varsame med å legge. Om det er naudsynt å legge ein kabel gjennom området bør dette skje i utvalde korridorar og med skånsamme metodar slik at påverknaden blir minst mogleg. Generelt bør det vere opning for at eksisterande anlegg og innretningar skal få naudsynt vedlikehald. Det er lagt opp til strenge restriksjonar for tiltak som utfylling, byggeverksemd, mudring, deponering av massar, undervassprenging, legging av kablar, utslepp av kjølevatn og ballastvatn, utnytting av mineralske ressursar og installasjonar for energiutnytting.

Oter er i dag i ferd med å bli naturleg retablert i området, etter fråvær i mange tiår. Det er vesentleg avgang i bestanden som følgje av utilsikta bifangst i torskeruser. Det pågår for tida eit arbeid for å utvikle torskeruser med rømingsveg for oter. Om slike ruser let seg utvikle, kan det bli naturleg å stille krav til at gamle ruser skal fasast ut til fordel for nye med rømingsveg i løpet av ein definert tidshorisont.

Eksisterande akvakulturanlegg og konsesjonar vil ikkje få restriksjonar av vernet. Ved utviding og fornying av konsesjonar blir det sett som føremon at påverknad på naturmiljøet blir vurdert og at dei mest miljøforsvarlege driftsmetodane blir brukte.

Det ligg føre visjonar om nye hovudvegar og bruer som kan påverke naturfaglege tilhøve i kandidatområdet. Dette må vurderast særskilt når planane er meir konkrete. Tunge, tekniske inngrep som påverkar havbotnen vil normalt vere forbode i eit marint verneområde, men alle verneforskrifter gir høve til å vurdere dispensasjon for tiltak av vesentleg samfunnsmessig verdi.

Konsekvensar for næringsverksemd

Restriksjonsnivået avgjer om pågåande næringsverksemd får ulemper av vernet, men vi forventar at problema blir små. Konfliktane knytte til moglege negative effektar for framtidig næringsverksemd er ikkje store, men eit vern skal sjølv sagt gjennomførast i nært samarbeid med involverte kommunar. Verneforslaget kan ha ein positiv effekt for turistbedrifter nær området. Generelt aukar ofte turismen til område rundt store naturvernområde, sidan eit vern indikerer at det kan vere flotte naturopplevingar der.